

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: V, Slidre.

Emne: Y MMS E A T T A A T F'0 R Bygdelag: ØYEBYGDE I RØN.Oppskr. av: G.Kirkevoll.
Jomfrubraatvn.25,
(adresse): Bekkelagsnøgda.Gard: Kirkevoll.
G.nr. 66 og 67 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigen røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I mi heimbygd kjenner eg ikkje til at det vart brukte slike røter til før. Det kom vel av at det ikkje var stort av dem. Det kunne vera nokso mykje kvekerot paa ymse plassar. Det var rart dei ikkje vaska den um vaaren og brukte den, daa kvekerote er ganske næringsrik.

Sjølv har eg her paa Jomfrubraaten vore plaga mykje av løvetann. Framover vaaren maa eg spa opp ganske mykje. Den er sikkert kraftig for det syner paa mjølki med ein gong. Ho blir gul og fin. Det blir sjølv sagt ogso med ein del blad som kanskje har sitt aa seia.

Tang og tare er ikkje kjent.

III. Anna før av planter.

For ei tid sidan vart brennenoto (brennesle) sanka og turka. Den vart brukt til aa løga av (uttrekkt i vatn). Den løgen var so god til kalvar. Dei vart so slette og fine av den.

IV. Hestemøk

1. vart mykje brukt som før. Men det er 30-40 aar siden. Eg kan hukse eg var med far til kverna ved Fosheim. Der var det støtt smaagutar som henta den hestemøke som vart etter nestane. Kanskje vart det litt høyrusk i øgso.

2. Hestemøke vart blanda med agner (bygg) ospelauv eller

2250
2001

6258

2 liknande eller ogso lite mjøl paa.

3. Eg har og sett at den vart kokt ute frampaa vaarparten saman med ymse andre ting som agner, melde (ufrø etter kornreinsking), lauv og potetgras. Dette vart kokt ute i store gryter. Dette vart og tildels brukt til grisemat.

V. Sørpefør

1. Aa koke syrp til dyra er slutt for lenge sidan. Men enda er det kan hende brukt aa slaa varmt vatn paa agnsyrpe til kyrne. Til dette vart brukt lagga syrpaska som tok 25-30 liter. I den seinare tid har det vorte krubbo.

2. Syrp av hakkels, agner, lauv og litt mjøl vart brukt. Det var vanleg aa gjeva syrp midt paa dagen til kyrne som 3. hadde kalva. Like etter kalvinga maatte dei faa varmt drikke og varm syrp.

4. Rauneber har eg hørt har vore nytta til høner, men er neppe større brukt.

5. Dei gamle fortalte at drank var so bra til aa mjølke av. For lang tid sidan brende dei brennevin paa gardane.

6. Mask var ogso bra. For ganske lang tid sidan hadde dei store hølka som stod i fjøset med "sétt" i. Det kunne vera ein del myse, løg av potetgras, mask o.l. Dette stod ei stund og gjera. Det vart bra til mjølkedyr. Mor-mor paa Egge i Lome brukte mykje slik sétt.-

Alt potetgras vart um hausten hesja og turka og brukt som løg so lenge det vara. (Eplegras-løg). Og ikkje sjeldan vart potetgrasrøtane sanka saman og brukte ogso. Alt som kunne brukast vart nytta.

- Vl. Fiskeavfall var ikkje brukt. Einast var sildelake som kunne bli brukt paa syrp.

E.s. I ei uppteikning etter mor ser eg at dei laga til "drevvjo", aat kyrne like etter dei hadde kalva. Den vart laga av "dravet", som vart etter ølbrygging. Men hadde i si tid og vore laga av drank etter brennevinsbrenning. Drevvjo vart blanda med lite mjøl og vatn. Det var eit gammalt ordtak um lomen som verspaamann. Naar han skreik: "Turke draw, turke draw, turke draw!"; so vart det turkever.

6258

April 1951